



NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Merknad til endringar i planar for småkraftpakke Voss

Fylkesmannen viser til synfaringar i prosjekta småkraftpakke Voss. Det er presentert justerte planar for fire av prosjekta. Søknad knytt til Haugamoen kraftverk er trekt. Fylkesmannen har følgjande tilleggsmerknader:

Urdlandelvi kraftverk

Stasjonen er flytta opp til kote 295 og rørgata er lagt nærare eksisterande veg. Endra utbyggingsløysinga er isolert sett noko mindre konfliktfylt. Etter vårt syn er utbygging i Urdlandselva i strid med vassdragsvernet, jf. vårt brev 30. mars 2017. Fylkesmannen held fast på motsegna i saka.

Tverrelvi kraftverk

Utbyggjar har presentert ulike alternativ for kraftverksplassing og vegframføring. Fylkesmannen har ingen særskilte merknader til dei ulike alternativa.

Bjørndalen kraftverk

Stasjonen er flytta opp til kote 332, og vatn frå stasjonen vil gå inn i elva mot fossen rett nedanfor vegen. Rørgate lengda vert om lag 1000 m og produksjonen vert noko lågare. Ny plassering vil gi mindre landskapsinngrep enn opphavlege planar.

Togrovi kraftverk

Utbyggjar har presentert to utbyggingsalternativ. Det primære alternativet er lik opphavleg søknad, men med justert løysing for inntak av vatn frå Husagrovi. I det sekundære alternativet ligg inntaket til kraftverket på kote 569 nedanfor Lurostølen i Togrovi, med borehol direkte ned til kraftstasjonen. Det vert ikkje overføringar frå Husagrovi og Lambagrovi.

Det sekundære alternativet vil gi minst landskapsinngrep. Men også dette alternativet vil føre til uheldig og uønskte inngrep nær turstien til Lurostølen. Dersom det vert opna for konsesjon er det viktig med strenge krav til detaljutforming av inntaksområdet.

Vi viser elles til våre merknader i brev 30. mars 2017 om vilkår knytt til utbygging og om å vurdere samla belastning på aktuelle utbyggingar i Teigdalen.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Voss kommune

Forum for Natur og Friluftsliv i

Hordaland v/ Bergen Turlag

Miljødirektoratet

Hordaland fylkeskommune

Postboks 145

Tverrgt. 4/6

Postboks 5672 Sluppen

Postboks 7900

5701 Voss

5017 BERGEN

7485 TRONDHEIM

5020 Bergen